

Norsk Butikkdrift As Extra Mastrevik Avd 4950
Maja Lorentzen
Postboks 4602 Nydalen
0405 OSLO

Dykkar ref.:

Vår ref.:
20/98 - 22 / KTJ

Dato:
05.01.2023

Svar på søknad - endring av styrar for salgsbevilling ved Extra Mastrevik

God torsdag!

Austrheim kommune stadfestar ved delegert vedtak at Coop Extra Mastrevik har løyve til sal av alkoholhaldig drikk i klasse 1, med ny styrar. Vilkår for sal går fram av alkohollov med forskrifter og ruspolitisk handlingsplan.

- Som styrar for salsløyvet er godkjent Kristian Østerhus, som etter planen skal ta over for Anita Nelson den 1. mars 2023.
- Som vikar for styrar er tidlegare godkjent Elisabeth Namdal.
- Deira diplom for naudsynte prøvar skal vera tilgjengelege i butikken ved ein eventuell kontroll.
- Salstidene for alkoholhaldig drikk er fastsette i kommunen sin alkoholpolitiske plan. Kort oppsummert her:
 - Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk i gruppe 1 kan på kvardagar skje frå klokka 09.00 til klokka 20.00.
 - På dagar før søn- og heilagdagar kan sal og utlevering av alkoholhaldig drikk i gruppe 1 skje frå klokka 09.00 til klokka 18.00. Dette gjeld likevel ikkje dagen før Kristi Himmelfartsdag, då kan sal og utlevering skje like lenge som på ein vanleg kvardag, til klokka 20.00.
 - Påske-, pinse-, jule- og nyttårsaftan kan sal og utlevering skje fram til klokka 16.00.
 - Sal og utlevering av alkoholholdig drikk skal ikkje skje på søn- og heilagdagar, og på 1. og 17. mai.

Med helsing
Ketil Tjore
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi til:

Mottakere:

Norsk Butikkdrift As Extra



Kopi til:
Mastrevik Avd 4950